

SAMMEN
OM



Miljøløftet

NOTAT

Vedlegg nr. 5

Til: Styringsgruppa
Fra: Statens vegvesen
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandler/telefon:
Kristian Bauge / 55 51 63 37
Vår dato: 28.10.2024

Sak 66/24 Mandat for Byutredning 2025 for Bergensområdet

Nasjonal transportplan 2025-2036 beskriver at det skal gjennomføres byutgreiingar i dei fire største byane som har byvekstavtale. Det skal vere faglege utgreiingar, som skal liggje til grunn for reforhandling av byveksttalen.

Statens vegvesen fekk oppdraget (vedlagt) om å gjennomføre byutgreiingar frå Samferdselsdepartementet i juni 2024:

«Vi ber Statens vegvesen om å lede arbeidet med å gjennomføre forenkla byutredningar. Det skal skje i samarbeid med Jernbanedirektoratet, de aktuelle statsforvalterne og lokale myndigheter, og skal resultere i et oppdatert og omforent faglig grunnlag for kommende reforhandlinger av byveksttalen. Formålet er å vise hvordan det enkelte byområdet kan nå nullvekstmålet gjennom ulike virkemiddelpakker. Føringsene om byveksttalen i meldingen om Nasjonal transportplan 2025-2036 skal ligge til grunn. Det forventes at partene stiller med nødvendig datagrunnlag og ressurser til arbeidet. Beregnings- og analysearbeidet ledes av Statens vegvesen. Det forutsettes spesielt at kommunene bidrar aktivt i arbeidet med arealdataverktøyet. Arbeidet avgrenses i første omgang til de fire største byområdene.»

Det har vore orientert om oppdraget i styringsgruppa for Miljøløftet i møtet 4.oktober. I slutten av juni distribuerte Statens vegvesen informasjon om oppdraget til partane via Miljøløftets sekretariat. I informasjonsmøtet 9. september 2024 har fylkeskommunen og kommunane fått høve til å gi innspel til prosjektplan for arbeidet. Innspel som er motteke er i stor grad vareteke. Statens vegvesen har sendt over forslag til prosjektplan til Samferdselsdepartementet. Mandatet kan bli justert som følgje av Samferdselsdepartementets svar på Statens vegvesens forslag til prosjektplan. Basert på prosjektplanen er det vidare utarbeidd eit forslag til mandat. Statens vegvesen legg med dette fram forslag til mandat.

Mandatet blir lagt fram for partane i byveksttalen for Bergensområdet for drøfting og

innspel. Statens vegvesen vil vurdere innspela og om dei ligg innanfor rammene til oppdraget. Statens vegvesen vil vedta endeleg mandat for Byutredning 2025 for Bergensområdet. Mandatet ligg i sin heilskap som vedlegg.

Betydning for Bergensområdet

I mandatet står det at «Arbeidet med byutredninga skal skje lokalt i tett samarbeid mellom lokale partar. Statens vegvesen, transportavdeling vest skal ha ansvaret for å leie arbeidet. Endeleg prosjektorganisering og gjennomføringsplan blir avklart i samarbeid med dei lokale partane. Lokal styringsgruppe og lokal administrativ gruppe for Miljøløftet blir informert og blir involvert undervegs i arbeidet. Lokale partar får byutredninga på lokal høyring.»

Arbeidet i dei ulike byområda blir leidd av lokal prosjektleiar frå Statens vegvesen. Prosjektleiar skal saman med dei lokale aktørane finne den organiseringa som er formålstenleg for å levere. Formålet er å vise korleis det enkelte byområdet kan nå nullvekstmålet gjennom ulike verkemiddelpakkar.

Sjølve mandatet gir ein overordna plan for det samla arbeidet som skal skje i dei fire byområda. Mandatet har ein overordna framdriftsplan med fem milepælar som alle byområda må ta omsyn til. Kva alternativ som skal greiast ut, blir vedtekne ved Milepæl 1 Arealbruksalternativ og Milepæl 2 Verkemiddelpakke. Det vil bli utarbeidd eigne framdriftsplanar for det lokale utgreiingsarbeidet ut frå den lokale situasjonen, men med utgangspunkt i rammene den overordna tidsplanen viser. Som ein ser av tabellen under skal den lokale utgreiinga vere ferdigstilt innan veke 28, 2025

Grov tidsplan	2024						2025													
	juni	juli	aug.	sept.	okt.	nov.	des.	jan.	feb.	mars	april	mai	juni	juli	aug.	sept.	okt.	nov.	des.	
Aktivitet																				
Forankring - mandat - styringsrammer																				
Notat tidsplan, organisering og rammer																				
Teamsmøte med lokale partar																				
30 sept. Prosjektplan til SD																				
Tekniske retningslinjer for beregning																				
Kalibrering av personmodell og godsmatrise																				
Etablering av referansebane ADV på SSB 2024 framskrivninger																				
MP 1. Sammensetning av arealbruksalternativ																				
MP 2. Sammensetning av verkemiddelpakker																				
MP 3. Gjennomgang av første analyseresultat																				
MP 4. Første utkast til rapport.																				
MP 5. Siste utkast rapport til styringsmøte byvekst																				
Lokal høring med høringfrist																				
Oppsummeringsrapport																				

Mandatet gir òg nokre overordna føringar om innhald i byutgreiinga og ein felles metode bør så langt det er mogleg blir lagd til grunn, slik at det kan gjerast vurderingar også på tvers av byområda.

Utgreiingsarbeidet i Bergensområdet vil formelt starte ved at mandat for byutredninga blir behandla i Styringsgruppa for Miljøløftet.

Forslag til vedtak:

1. Styringsgruppa for Miljøløftet sluttar seg til forslaget til mandat for byutredning 2025 for Bergensområdet.
2. Statens vegvesen vil leie bereknings- og analysearbeidet. Partane i byvekstavgiftstalen vil bli inviterte inn i den lokale gruppa for arbeidet. Det er forventet at alle partane i byvekstavgiftstalen bidreg med nødvendig datagrunnlag og ressursar til arbeidet. Det blir spesielt føresett at kommunane deltek aktivt i arbeidet med arealdataverktøyet.